

Sogn regionråd og Sogndal kommune inviterer kommunane til regionsenterkonferanse 19. oktober. I forkant av konferansen publiserer Sogn Avis i samarbeid med Høgskulen Sogn og Fjordane ein serie på fire kronikkar.



I dag hevdar Sogndal seg ikkje som handels-senter, og småvekst i Sogndal går stort sett på kostnad av grannekom-munane.

Dette er den første.

## Strategiar for Sogn

**I EIT LANGTIDSPERSPEKTIV** er Sogn å sjå på som ein stagnasjons-region. Folketalet er så godt som uendra dei siste hundre åra, medan landet som heilskap har fått meir enn dobbelt så mange innbyggjarar i same perioden. Industrien som omforma og gav vekst i mange bygder i det førre hundreåret, er ikkje lenger ein vekstmotor. Dagens vekstnæringer er i hovudsak lokaliserte til byane, og først og fremst dei store byregionane i søraust og sørvest. Utdanna ungdom som skal inn på arbeidsmarknaden, finn dei interessante jobbane her.

**TALA SYNER EIN** nær samanheng mellom storleiken på arbeidsmarknadsregionane, vekst og attraktivitet. Storbyane veks mest, men også mellomstore byar og småbyregionar har ei positiv utvikling. For bygdene sin del er avstanden til næraste regionsenter den viktigaste faktoren. Di større avstand til eit senter, di meir negativ er som regel folketalsutviklinga. I dag er bygdene i større grad avhengige av sterke sentra enn omvendt. Arbeidsplassar og tenester for utkantbuarane finst i stor grad i sentra. Dei som vil flytte til bygdene har ofte god utdanning, og dei vil ha sentrumslike jobbar og tenestetilbod i tillegg til fordelane ved å bu i bygd. Derfor finn vi at sentrumsnære bygder som regel er bra stabile, medan bygder med store pendlingsavstandar kjem dårlegare ut.

**SJØLV OM INDRE** og midtre Sogn ikkje er ein vinnar i den store samanhengen, er bildet langt frå heilsvart. Sogndal/Leikangerområdet har mange kompetansesarbeidsplassar, noko som gjer dette området til det einaste vekstområdet i fylket ved sida av Førde. Dette kjem også bygdene til gode. Betre kommunikasjonar har gjort arbeidsmarknaden større for dei som bur i regionen. Dette gjer det meir interessant for unge med utdanning å busetje seg i dei fleste sognebygdene. Dei tre nord-sidekommunane Luster, Sogndal og Leikanger er i praksis blitt ein felles arbeidsmarknad. Fjorden utgjer ein barriere, men samhandlinga er aukande også på tvers.

**NÆRINGSSJEF TERJE LABERG** i Årdal hevda i eit innlegg i Sogn Avis i fjor at regionen har bruk for

eit dobbelt så stort regionsenter i Sogndal. Sett i eit vekstperspektiv har han utvilsamt rett. Som regionsenter er Sogndal framleis for lite til verkeleg å ha tiltrekningskraft. Det gjeld sjølv om vi ser på Sogndal/Leikanger som eit felles nav i regionen. Men ein utviklingsstrategi med dette for auget krev vilje til regionalt samarbeid framfor lokal markeringspolitikk. Og det må gjerast på ein måte som fokuserer samspelet og utvikling i heile regionen. Styrking av regionsenteret må ha ein sentral plass i strategien. Men som heilskap må ein regional utviklingsstrategi også fokusere på ressursane i bygdene og dei mindre tettstadene.

**EG SKAL DRISTE** meg til å konkretisere nokre tema som må vere med i ein utviklingsstrategi for Sogn. Eit viktig tema må vere korleis ein skal utvikle etablerte næringer i regionen, som matproduksjon, reiseliv og industri. Eit anna tema er korleis ein kan styrke regionsenteret til beste for regionen, medan det tredje elementet må handle om korleis infrastrukturen og samspelet i regionen kan styrkast.

**NOKO AV DET MEST** spennande som skjer i Sogn no er knytt til omstilling, produktutvikling og klyngedanning innan matnæringa. Standardmat er i dag utsett for eit sterkt konkurranse- og prisepress. Det er ikkje lett å få tradisjonelt jordbruk til å lønne seg. Men det er mange som driv med nyskaping, med fokus på kortreist og sunn mat. Vi har fått nye gardsmatproducentar for kjøt og meieriprodukt. Det blir satsa stort på nye bær- og fruktsortar. Lokalt øl er på plass, sider og eplebrennevin på trappene. Samspelet med reiselivet er i ferd med å ta form, og vi kan få lokale produkt på fleire av hotella i regionen. Kompetansmiljøa i regionen, på Njøs og i Aurland, står sentralt i utviklinga. Også ein tung aktør som Lerum rettar seg mot den sunne bølga og tek del i EU-prosjekt for å utvikle produkta sine. Det er i realiteten konturane av ei ny og spennande næringsklynge med stort potensi-

ale er i ferd med å utvikle seg. Den fortener både merksemd og støtte.

**REISELIVET ER EI** konjunkturuttsett næring der opp- og nedturar kjem og går. For utviklinga i regionen er det avgjerande at ein kan skape større lønsemd og fleire heilårs arbeidsplassar. Fjellsportfestivalen har skapt mykje merksemd rundt Sogn som destinasjon for toppturar og frikøyring. Utvikling av dette konseptet saman med alpinanlegg og hytteutbygging kan skape ein ny nisje som også aukar lønsemda i etablerte reiselivsbedrifter.

**INDUSTRIEN STÅR FOR** fjerdeparten av sysselsetjinga i Sogn, med eit halvt dusin større bedrifter i spissen. Til saman representerer dei ein vesentleg utviklingskompetanse. Å utvikle samspelet mellom industrien sine kompetansmiljø, innovasjonsaktørar og forskingsmiljø i og utanfor fylket er viktig. Vi veit at det er i samspelet mellom bedriftsmiljøa og forskingsaktørane nyskaping vert til. Fordi dei tunge forskingsaktørane på ny teknologi ikkje finst her i fylket, må bedriftene samarbeide med ekstern kompetanse.

Det er ei oppgave for innovasjonsaktørane i regionen å leggje til rettes for dette samarbeidet. Fylket og SIVA har etablert ein kunnskapspark med relativt avgrensa ressursar. Kanskje bør regionen i større grad ta på seg eit medansvar her, for å utvikle koplinga til bedriftene og Kunnskaps-parken si rolle som kunnskapsmeklar?

**EIT STERKERE INKUBATORMILJØ** i regionsenteret bør også setjast på dags-

orden. Innan ikt og andre vekstnæringer ser vi at det finst spennande prosjekt og nyetableringar. Fosshaugane Campus har synt verdien av samlokalisering og samspelet for verksemdar knytt til idrett og helse. Ei satsing på ikt og media i neste omgang er ei naturleg vidareføring. Vi bør i det heile bli flinkare til å ta vare på synergieffektane anten det gjeld verksemda på Campus, aktivitets-turisme i Jostedalen eller samspelet mellom matproducentar og

reiseliv.

**SETT I HØVETIL FOLKETALET** har Sogn ein handelslekkasje på 1,3 milliardar kroner årleg. Både Førde, Bergen og Austlandet trekker kjøpelystne sogningar. Gjennom utbygging av ein ny handelsbydel ved innfartsvegen har Førde rusta seg til å ta meir handel når bompengane på Fjærlandsvegen blir borte. I dag hevdar Sogndal seg ikkje som handels-senter, og småvekst i Sogndal går stort sett på kostnad av grannekommunane. Handelsnæringa i regionsenteret treng tunge utviklingsaktørar om ein skal tette noko vesentleg av handelslekkasjen og redusere køyrelengda for handlande sogningar. Uansett kva som skjer på kort sikt med dei planlagde handelsprosjekta i Sogndal, er det talet 1,3 milliardar i handelslekkasje som må danne bakteppet for planlegging og tilrettelegging for handelsnæringa i regionsenteret.

**HØGSKULE OG STATSFORVALTNING** har gjort Sogndal/Leikanger til eit område med uvanleg mange kompetansesarbeidsplassar i høve til storleiken på lokalsamfunna. Å ta vare på og utvikle desse kompetansmiljøa må ha ein sentral plass i ein regional utviklingsstrategi. Med dagens vekt på arbeidsdeling og konsentrasjon i høgskulesektoren er det ikkje sjølvstøtt at dette fylket framleis skal ha ein sterk høgskule. Det same for gjeld nasjonale funksjonar i forvaltningsutvikling og velferdsforvaltning. At kommunane samarbeider om samhandlingsreforma for å utvikle eit framtidsretta helsetilbod i regionen er også viktig.

**TIL SIST ER DET** viktig at ein har for auge å utvikle kommunikasjonane mellom regionsenteret og resten av regionen, både vegar og fjordkryssingar. Som Kåre Lerum med rette har halde fram, er det også gjennom Indre Sogn ein lettast kan lage ein raskare stamveg mellom Bergen og Trondheim. Første steg er å prioritere tunnel under Sognefjellet. Neste oppgava må vere å stå samla om eit val for den sørlege delen av denne vegtraseen, anten det blir ferjefritt via Årdal eller under Vikafjellet. Spørsmålet både på dette punktet og til resten av utviklingsstrategien er kor dristige ein vågar å vere, og kor samla ein evnar å stå.

**Oddbjørn Bukve** er professor ved Avdeling for økonomi, leining og reiseliv, Høgskulen i Sogn og Fjordane.



**Oddbjørn Bukve**  
KRONIKK